



Bilete frå 1-års markeringa

Dønhaug gardsbarnehage er ein aktiv og positiv tilvekst i bygda vår. I haust hadde barnehagen 1-årsmarkering, og no kjem eit nytt arrangement som er ope for publikum. I morgon, tirsdag 24.03., markerer dei barnehagedagen med open dag.

Alle som har lyst, vert då invitert til å stikka innom for å sjå korleis dei har det i denne populære barnehagen. Då kan ein sjå korleis barna har det i lag med alle dyra og i ulike aktivitetar. Barnehagen vert open for publikum mellom kl. 11 og 14.

Dei tilsette ønskjer alle velkomne.

